

## FJORDSTEAM:



STAVANGER: Atloys venner er overtydd om at det blir mykje fleire veteranbåtar på Fjordsteam i Flora enn det var då oljebyen arrangerte festivalen.

Arkivfoto.

# Lovar dampande flott nostalgifestivitas

**FLORØ:** Atloys Venner kan love Floro-folket ein heidundrande festival i Florø 5. til 8. august. Det er dukka for tidenes første Fjordsteam i Kystbyen.

IRIS KVELLESTAD  
iris@firdaposten.no

Fjordsteam-ølet er ferdigbrygga og veteranbåtentusiastane er klar. – Alt er klart og vi er budde! opplyser leiar i laget, Sander Ødelien. Om det kjem lite eller mykje folk har ikkje noko å sei. Økonomisk er alt i boks.

## 200 bilar og 44 båtar

Med 200 veteranbilar og til no 44 veteranbåtar blir det nok for folk å sjå på. For dei som ikkje er båt- eller bilinteressert har festivalen likevel mykje å by på.

Det blir konsertar med Sigrd Moldestad, sommarrevy med blant anna Øyvind Angelveit og gjengen frå Flora-revyn.

På dagtid skjer det mykje, både for store og små. Paradar med veteranbilar kjem til å køyre gjennom Strandgata. Ei mengd med gamle veteran-brannbilar kjem også til Florø. Til ære for barna vil dei tilby små køyreturar med brannbilane.

På laurdag blir det iscenesett ei

historisk brannutrykking til Rådhuset. Kanskje må dei redde ordføraren? Det blir og ei kappkøyning med motor- og dampbåtar på Florøvika.

## Viser fram gamle næringar

Fjordsteam-festivalen vektlegg å vise fram dei gamle næringane. Laurdag blir det «Bondens marknad» på Torget.

– Det blir sal av alt muleg rart, fortel Ødelien.

Det vil også haldast kurs i tradisjonelt sjømannsarbeid. Ein kan då lære seg alt ifrå spleising av tauverk til å lage skikkelege knutar.

I løpet av festivaldagane kan folk velje og vrake i båt og bilturar. Det blir arrangert utflukter til dei fleste øyane utanfor Florø. Bremanger og Stavenes vil også få besøk. Heile Fjordsteam-veka er det lagt inn heile 37 stoppestader.

– Billetter til turane er allereie mogleg å få kjøpt på Turistinformasjonen, fortel ein ivrig Ødelien. Dei er ikkje dyre, kjem til å koste om lag 100 kroner turen.

## Gåve til jubileumsåret

Det er ti entusiastar frå Atloys Venner som står bak Fjordsteam-festivalen.

– Vi ville også gje noko til floro-folket i jubileumsåret. Vi har ikkje noko mål om å tene pengar på dette. Går vi i pluss er vi nøgd, fortel Ødelien.

– Er du ikkje redd for ein ny Tall Ships?

– Absolutt ikkje! seier Ødelien kontant. På grunn av måten vi har organisert dette på, slepp vi å setje oss i gjeld for å få det til.

Atloys Venner har alliert seg med store delar av lokalsamfunnet.

– Røde Kors tek seg av parkering og liknande, Bistro To Kokkar har ansvar for skjenking og matsal. Eventfirmaet Hipp, Hipp Flora arrangerer Sommarrevy og rockeklubbene tek seg av konsertane. Atloys Venner har eine og åleine med båtene og gjere. Det er rett og slett ein dugnad, konstaterer Ødelien.

Fjordsteam-konvoien startar i Bergen onsdag 4. august. Den er



**VETERANBILTREFF:** Sander Ødelien har sans for både vakre gamle båtar og bilar. Over 200 veteranbilar er påmelde til Fjordsteam i Flora.

venta til Florø rundt 17:00 på torsdag ettermiddag. Båtene kjem nokolunde samla inn til byen.

## Sigrd Moldestad på Haavebua

Laurdag 7. august blir det konsert med Sigrd Moldestad på Haavebua.

Sigrd Moldestad er frå Breim. Ho debuterte som soloartist i 2007, med plata «Taus feleferteljing». Denne plata fekk ho Spellemannsprisen for.

Moldestad spelar både fele, hardingfele og syng.

Tidlegare har ho gitt ut plater med gruppene Spindel og



**FOLKEMUSIKAR:** Sigrd Moldestad frå Breim har konsert på Haavebua 7. august

Gamalt nytt. 1. mars kom Moldestad med ny plate, Sandkorn. Framleis er det folkemusikk som er ein sterk botnklang i musikken hennar. Men Moldestad seier at publikum vil høyre eit spenn mellom folk, vise-, country og blues på den nye plata. Fleire av songane er sjølvskrivne og ho har laga ein del instrumentale og nynorske versjonar av den skotske nasjonalpoeten Robert Burns.